



DET NORSKE TEATRET

2189 1125 52



A.S ASKIM

GUMMIVAREFABRIK


Teater snesko
av sort nylonstoff
med sort pelskant.

Det heilage eksperimentet

Skodespel i 5 akter

AV

FRITZ HOCHWÄLDER



Bjarne Andersen



Arne Walentin

Den ukentlige glede for hele familien:

Allers

Kvinner

OG MÆR

De får kjøpt dem i alle bladutvalg.



Fritz Hochwälder

er ein av dei mest talentfulle og mest produktive dramatikarane som har skrivi på tysk etter krigen. Han er av jødeætt, fødd og oppvaksen i Wien, der han stod i butikken til faren i dei fyrste ungdomsåra. Etter «Anschluss» rømde han til Sveits, og her skreiv han fyrste skodespelet sitt i 1941, «Das heilige Experiment», som handla om den jesuittiske freistnaden på å byggje opp ein «gudsstat» for indianarane

i Paraguay fyrst på 1700-talet. Han er ikkje sjølv katolikk. Det at han valde eit jesuittisk problem kjem berre av at han på den måten fekk høve til å prøve ei viss almenmenneskeleg og evig gjeldande sanning. Han får sagt det han har å seia på ein heilt overtydande måte. Stykket er ikkje skrivi for å glorifisere den omstridde munkeordenen, men for å tolke den aktuelle motsetnaden mellom imperialistisk maktkrav og human rettferdsvilje. Etter urpremierer i Sveits i 1942 har det sermerkte dramaet gått sin sigersgang på ei rekkje europeiske scenar, no nyleg på Barrymore-teatret i New York. Her, som i dei fleste stykka til Hochwälder, blir hovudpersonen tvinga til å velja mellom makthavarane og samvitet sitt. Dette gjeld og «Rømingen» (Der Flüchtling) som teatret no gjestar Telemark og Hallingdal med. Dette stykket hadde sveitsisk urpremiere i 1945. Her møter vi ei hending som gjerne kunne ha gått føre seg i Noreg under okkupasjonen.

O. D.



Harald Heide Steen



Alf Sommer



Edvard Drablos



Jesuitane og staten deira i Paraguay.

I 1534 skipa Ignatius av Loyola «Jesu selskap», under dei store oppdagarferdene, medan Spania og Portugal grunna nye koloniar i Asia og Amerika. Jesuittordenen gjer ein veldig kraftinnsats for å gjeva heile denne nye verda rom innanfor moderkyrkja. Brennaktuelt er no Kristi bod til apostlane: «Gå ut og gjer alle folkeslag til mine disiplar.» Ignatius var sjølv ein fullblods renessansekrigar. Men ekspansjonstrongen skulle tvingast til lydnad under kyrkja, desse to stridande tendensane måtte jesuittane sameine, kompromisslaust, i seg sjølve og i alt sitt yrke.

Den fyrste av desse krigarane under Kristi fane som tok på seg det umoglege, var Frans Xavier. I 1540 reiste han ut til dei nye portugisiske koloniane i India, og derifrå til Molukkane og Japan. Eismal og fattig vandra han til fots gjennom alle dei framande landa, preika og døypte heidningar. Han var grenselaus i kravet til seg sjølv: alle sjelene i heile Asia skulle vinnast for Kristi kyrkje. Han døydde på treskelen til sjølve det kinesiske keisarriket.

Men det tydelegaste biletet jesuittordenen har prenta inn i historia, er den kristen-kommunistiske indianarstaten deira i Paraguay. Han blir grunnlagd, blømer, blir løyst opp, som sjølve ordenen, innanfor ein tidbolk på vel 200 år. I 1545 kom dei fyrste jesuittane til Paraguay, i 1767 måtte alle jesuittane røme landet att, og i 1773 løyste paven opp heile ordenen. I denne heilage staten blir teoriane førde ut til ytste konsekvens.

Det var eit sjele-vinningstokt jesuittane gav seg ut på. Heidningesjelene skulle vinnast for kyrkja og bli frelste. Ei vanskeleg oppgåve når sjelene budde i ville indianarar, primitive naturborn, jegerar og menneske-etarar. Dei spanske kolonisorane som slo seg ned i Paraguay frå 1520-åra, tvinga indianarane under seg med våpen og nytta dei ut som træljar på jorda. Rett nok vart dei døypte i fleng, men sidan laut dei greie seg sjølve. Men skal vi frelse sjelene, må dei bli menneske fyrst, meinte jesuittane. Heile arbeidet deira i Paraguay gjekk ut på å gjera indianarane til menneske på europeisk, kristen måte.

Framhald side 13



VEKTER

TOMTEGATEN 13 - OSLO

— TELEFON 41 70 03 —

Alle som er interesserte i arbeidet for norsk mål, må lesa landsorganet for den norske målreisinga.



Norsk Tidend

Nordahl Brunsgate 22 - Tlf. 33 72 36

Postgirokonto 14 425

Kjem kvar onsdag og laurdag
18 kroner året.

BØNDERNES BANK A/S


OSLO — SKIEN — STAVANGER — TRONDHEIM

Alle slags bankforretninger i Norge og utlandet

Tegn Deres livsforsikring i

GLITNE

DET er virkelig livskunst



Misjonane åt jesuittane i Paraguay. Den punkterte lina syner grensa for det området som misjonane hadde. Tala 1—12 er misjonane i Entre Rios (1. Sct. Thomas. 2. Apostolos. 6. Loretto. 7. Sct. Ignacio. 9. Concepcion) søraust for dei Uruguay-misjonane, nordvest for dei Parana-misjonane.

Det heilage

Skodespel i 5 akter av L

Omsett av R a g n

Sett i scene av B j o

Dekor: A r n e

Dei som et med:

Alfonso Fernandez S. J.*) Provinsial

Rochus Hundertpfund, S. J. Superior

William Clarke, S. J. Prokurator

Ladislaus Oros, S. J.

Don Pedro De Miura }

Don Esteban Arago } spanjolar

Don Miguel Villano }

Lorenzo Querini

Andre Cornelis

Carlos Gervazoni, biskop i Buenos Aires

Jose Bustillos, godseigar

Candia } indianske kazikar.....

Acatu }

Tid: 16.

Stad: Jesuitt-kolleg

Pause ett

*) S. J.: Societatis Jesu — prest av Jesu Selskap.

Og så - -
går vi på

FRASCATI



eksperimentet

Fritz Hochwälder
vald Skrede
arne Andersen
Valentin

..... Harald Heide Steen

..... Edvard Drabløs

..... Nils Hald

..... Gunnar Simenstad

..... Alf Sommer

..... Helge Essmar

..... Harald Aimarsen

..... Bjarne Andersen

..... Øyvind Øyen

..... Amund Rydland

..... Lars Tvinde


..... } Torbjørn Lein

..... } Alf Ramsøy

juli 1767.

iet i Buenos Aires.

er 2. akt.

 FRASCATI

Et hyggelig sted
Åpent til kl. 1

NATIONEN

Sandmandspostens Dagutgave

Hovedorgan for Norges Bondestand

Kr. 15,— pr. kvartal

» 5,— » mnd.



Oyvind Øyen



Helge Essmar



Amund Rydland



Nils Hald



Gunnar Simenstad



Lars Tvinde

Den spanske kongen gav jesuittane land og frie hender til dette kultiveringsverket. Dei stod beint under paven og kongen, og lydte ikkje noko anna styre. På fredeleg vis fekk jesuittane lokka indianarane til å slå seg ned i eit landområde, ein reduksjon, og leva der mot å få mat og det dei trong, og lyde pateren i alle ting. Då fyrste freistnaden gjekk godt, skipa dei ein ny reduksjon, og ein ny og ein ny. Frå nord-aust arbeidde dei seg vestover gjennom urskogen og steppene, og denne landvinninga stansa ikkje. I 1766, året før oppløysinga, vart siste reduksjonen grunnlagd lengst inni landet. Då høyrde $\frac{2}{3}$ av Paraguay til jesuittstaten, over 50 reduksjonar med over 200 000 indianarar.

I kvar reduksjon budde om lag 5000 indianarar. Kyrkja låg midt i landsbyen, der kvar familie åtte ei hytte og eit stykke jord. Elles var skog, åkrar og buskap sameige. Alle hadde 6 timar dagleg arbeidsplikt, og fekk rasjonar av alt dei trong. Reduksjonen måtte produsere nok til eige bruk, dessutan eit overskot så dei kunne svara skatt og kjøpe varer utanfrå. To jesuittpatrar hadde både kyrkjetenesta og det verdslege styret i kvar reduksjon.

Med endelaust tolmod greidde jesuittane litt etter kvart å lure indianarane til å arbeide, gjeva opp dei ville sedene sine, lyde dei kristne moralboda, setja seg inn i kristenlæra. Ia seg døype friviljug og gli inn i rytmen til kyrkjelivet. Spanjolane var utestengde frå reduksjonane, for dei braut ned moralen. Til vern mot fiendslege overfall hadde jesuittane ein stor, velorganisert indianarher med eldvåpen.

Slik utvikla jesuittstaten seg og vart, innanfor sine grenser, som ein Edens hage, der alle levde fredeleg og vel-forsynte, og sjelene etter dåpen og den siste oljen fór til himmerike. — Men det vart ein for mektig stat i staten dette. Dei spanske kolonisorane kjende reduksjonane som alvorlege konkurrentar. Den spanske kongen såg dei vekse så dei vart eit farleg trugsmål; når det skulle vera, kunne dei rive seg lause om dei ville.

Opplysingstida i Europa var ikkje lenger lagleg for det fantastiske på noko felt. Den spanske stortida var ute, kongen måtte styrkje makta si der han enno rådde. Og

Vi har prenta for
DET NORSKE TEATRET
40 år

JOHANSEN & NIELSEN
BOKTRYKKERI

Pilestredet 45 b, Oslo
Telefoner: 461493 - 462692 - 467542



TELEFON 538916 — BILLINGSTAD
Arbeidsområde: Oslo - Bærum - Asker
Medl. av Hagearkitekt-
og Anleggsgartnermesterlaget

Har De lese SYN OG SEGN?

Meir enn eit dagblad, mindre enn ei bok. -
Ikkje alt om eit emne, men mykje om mange

10 hefte for året kr. 15,00
Kvart hefte 48 sider kr. 1.75

DET NORSKE SAMLAGET


Ekspedisjon NOREGS BOKLAG, Oslo



ALT I SKO

Akersgaten 73b — Oslo
Telefon 330120

**Knut
Braaten**



Norsk Allkunnebok

Noregs mest moderne leksikon, bør De eiga. 10 store band. Spør etter det i næraste bokhandel, eller skriv beinveges til

FONNA FORLAG - OSLO

Framhald frå side 13

paven kunne ikkje tola indre strid i kyrkja. Det grenselause hadde sprengt seg sjølv. I 1767 var alt jesuittordenen forboden i Portugal og Frankrike. Så kjem ordren: jesuittane skal røme landet åt den spanske krona i Paraguay. Alle jesuittpatrane må reise attende til Europa. Samstundes blir jesuittordenen forboden i Spania. Då finn paven at han ikkje lenger kan nytte «Jesu selskap» i tenesta for kyrkja.

Indianarane var enno som umyndige born, ikkje mogne til å greie seg sjølv i dette nye samfunnet. Då jesuittpatrane hadde dregi bort, gjekk desse naturmenneska til grunns i dei spanske koloniane, eller rømde attende til ur-skogen. Mange vart sjuke og døydde.

Kari Shetelig.



Fr. Sudmann

FARVEHANDEL - Lille Grensen 1 - Telefon 333749

*Når De maling og lakk eller lys skal kjøpe,
bør De Sudmann i Grensen besøke.*

Den eksklusive frisør- og skjønnhetspleiesalong

Guttis Frisørsalong

ST. OLAVS PLASS 4 — OSLO — TLF. 33 34 12 — 33 72 01

*Fornuftig vedlikehold er lønsamt,
og gjer heim og arbeidsstad fager og uneleg. Eg har
fyrebils einaalet av den mønsterverna TO-taburetten.*

Målarmeister



A. DOLVE

Lofthusveien 37, Grefsen — Telefon 37 11 15 - 37 52 55.

Eugenie Støttums Blomsterforretning

Karl Johans gate 8 — Telefon 422422

Medlem av Norsk Blomstertelegraf

Alt i Dekorasjoner, Buketter og Kranser

Ny Prøysen-kommedie

Neste framsyning på Det Norske Teatret blir «To pinner i kors» av Alf Prøysen. «To pinner i kors» er ein ekte Prøysen-kommedie med logn humor, gode typar og komiske situasjonar, aktuell snert og ein levande, humørfylt hedmarksreplikk.

Skodespelet har ei stor kvinneleg hovudrolle: Eline Sagbakken, eit snodig menneske med båe beina på jorda. Utan at nokon legg merke til det ho gjer, ordnar ho alt til det beste for alle. Eline blir spela av Astrid Sommer. Kåre Wicklund spelar Edvard, mannen hennar, — ei moderne utgåve av den politiske kannestøyparen, ein vegvaktar som let vegane gro att medan han sit og skriv politiske artiklar som aldri blir prenta. Døtrene deira er Florense (Siri Rom) som har reist til byen, men er heime på vitjing, og Nansy (Else Frogner), full av flir og backfischgriller og sjarm. Ragnar Olason spelar Elias kræmar, — ein farande fant og skreppekar, ikkje så lite av ein landevegsfilosof. I andre roller ser vi Gunnar Simenstad, Helge Essmar og Alf Ramsøy. Asbjørn Toms set i scene og Arne Walentin har dekorasjonane.

Alle dei som moroa seg over «Trost i taklampa», kan sjå fram til ein ny, morosam teaterkveld saman med Alf Prøysen, Oskeladen i moderne norsk litteratur.

HYBELBOERE!

KEKKO MØBLER

Vil De møblere hybelen billig og pent, kan de oppnå det ved å komme innom oss og se vårt utvalg i: Enkle senger, nattbord, nattbordhyller, divaner med og uten skuff, salongbord i furu og bjerk, garderobeskap, små skrivepult, kommoder og m. m. Rimelige priser og 1. kl. arbeid, tørre og kvistrene materialer egnet for lakering.

KARL EDW. KORSETH TEATERGT. 8 — TLF. 333161

Ledende håndverks-



mestere i Oslo

FINN HANSEN

Glassmesteri - Glass-sliperi
Speilfabrikk.

Fredensborgv. 4 og 6 - *33 37 90

ATELIER RUDE

FOTOGRAFISK ATELIER

Portrett-, reklame- og seriefoto

Tordenskioldsgt. 7

Telefoner 41 29 15 - 41 40 49

TH. HANSEN

BOKB. & PROTOKOLFABRIK



Rådhusgt. 4 - Tlf. 410497, 413320

HELGE ORMESTAD

Skredderi

STIL — PASSFORM — KVALITET

Klingenberggt. 5 - Tlf. 42 34 49

G. KROGSETH & Co.

BLIKKSLAGERI

Ruseløkkveien 1 — Tlf. 41 06 66

Spesialitet:

Ventilasjonsanlegg

Storgatens

Herrefrisør

Førsteklasses fagarbeid

Storgt. 33 — Telefon 42 61 89



NORSK
BONDESYLVE
TINN

Enestående utvalg i syljer og nåler

Oslo Pelsatelier %



Dronningensgt. 32
Telefon 42 12 63



Hotell Bondeheimen

Rosenkrantzgt. 8

Kaffistovene

Rosenkrantzgt. 8 — Torget 8
Kr. Augustgt. 14 — Storgt. 28

OSLO

Norges Kjøtt- og Fleskesentral

Schweigaardsgate 2 (Kjøtthallen)
Inngang Grønlands torv

Sentralbord 68 35 00

Landbrukets Sentralforbund

Kronprinsensgt. 9IV Tlf. 332385

Norske Meieriers Salgssentral

Bredgt. 10 Sentralbord 681886

Landscentralen for Småindustri

TOLLBUGT. 28 — OSLO

Nerdrum & Thorkildsen

BOKBINDERI

PARTIARBEIDE — PRIVATARBEIDE

Akersgt. 7 — OSLO — Telefon 420170



Smarte sportsdrakter

fra
Magasin du Nord

5